



Møtereferat

23/52254

Tema:

Referat møte i skoleutvalet 07.03.24

Til stades:

Magnus Børset - nestleiar elevråd, Silje Storsand
Ustad - HR-sjef, Erik Erland Halle -
Utdanningsforbundet
Fråfall :John Henry Otnes – foreldreutvalet,
Mons Otnes - Samfunnskontakt

Blir også sendt:

Stad og tid:

Surnadal vgs, 7. mars -24

Referent:

Hilde Andersen

Agenda:

- Status søkjartal og vidare framdrift
- Resultat elevundersøkinga 23-24
- Evt
 - o Høyring skolereglar

Status søkjartal og framdrift

Rektor la fram søkjartala per 4. mars, og gjekk igjennom desse med utgangspunkt i skolen sin tilbudsstruktur.

Søkjartal per 4. mars -24

Nivå	Pr.områdekode	Pr.områdenavn	Totalt	Mann	Kvinne	Totalt m/U	Mann m/U	Kvinne m/U
1	STUSP1----	Studiespesialisering	40	15	25	40	15	25
1	TPTIP1----	Teknologi- og industrifag	23	23	0	21	21	0
1	HSFSF1----	Helse- og oppvekstfag	14	1	13	11	0	11
1	ELELE1----	Elektro og datateknologi	14	13	1	12	11	1
1	BABAT1----	Bygg- og anleggsteknikk	8	8	0	6	6	0
2	STREA2----	Realfag	14	8	6	14	8	6
2	BATMF2----	Tømrer	13	12	1	13	12	1
2	STSSA2----	Språk, samfunnsfag og økonomi	12	6	6	12	6	6
2	TPPIN2----	Industrieteknologi	10	6	4	9	6	3
2	ELAUT2----	Automatisering	9	9	0	9	9	0
2	HSBUA2----	Helsearbeiderfag	7	1	6	6	1	5
2	HSBUA2----	Barne- og ungdomsarbeiderfag	3	0	3	3	0	3
3	STSSA3----	Språk, samfunnsfag og økonomi	17	9	8	17	9	8
3	STREA3----	Realfag	15	5	10	15	5	10
3	PBPBY3----	Påbygg gen. studiekompetanse	12	7	5	11	6	5
3	ELAUT3----	Automatiseringsfaget	7	7	0	7	7	0
3	PBPBY4YK--	Påbygg gen studiekompetanse yrkeskompetanse	1	1	0	1	1	0

Figur 1 - Status søkjartal

Saka for oppstart klassar våren -24 som skal behandlast i Kompetanse- og næringsutvalet fredag 15. mars er enda ikkje publisert, men skolen har fått signal om at vg2 barne- og ungdomsarbeiderfag er den klassen som blir foreslått ikkje starta hausten -24.

Utgangspunkt for fylkesadministrasjonen sine vurderingar av kva tilbod som ikkje blir sett i gang hausten -24 er vedtekne retningslinjer i SAK UDK-5/14:

- *«65% oppfyltingsgrad av vedtatt kapasitet på studieførebuande utdanningsprogram»*
- *«minimum 6 primærsøkarar for å starte opp halvklassar innafor yrkesfag som rekrutterer til lærefag»*
- *«I tilfelle der søkartala er låge og tilboda står i fare for ikkje å bli sett i gang, har sekundærsøkarar eller søkarar som kan få ungdomsrett etter saksbehandling*

Desse retningslinjene er også styrande for skolen sine eventuelle merknader til saka for oppstart av klassar. Med andre ord må skolen følgje dei vedtekne retningslinjene, med mindre det finst openbare argument for det motsette.

Skoleutvalet snakka om kva kortsiktige og langsiktige konsekvensar det vil få for elevane, skolen og samfunnet dersom barne- og ungdomsarbeiderfagklassen blir vedteke ikkje starta.

Når arbeidet i etterkant av vedtaket om oppstart av klassar er unnagjort vil det i april bli gjennomført møter med tanke på kapasitetsjusteringar.

Elevundersøkinga

Elevundersøkinga sine resultat kan delast grovt i to. Det eine er hovudresultatet, som viser ulike tema innafor læringsmiljø, det andre er mobbing. Rektor presenterte resultata og skolen sitt arbeid innafor områda.

Resultata innafor læringsmiljø syner at skolen ligg omlag på lands- og fylkesgjennomsnittet på dei fleste områda, med unntak av området elevdemokrati og medverknad. Her er skolen sine resultat tydeleg under snittet, dette er vi ikkje fornøgde med.

Elevundersøkelsen - Hovedresultater for Surnadal vidaregåande skule 2023-24

Gjennomsnitt på læringsmiljøindikatorer (Skala fra 1-5)

Tallene i tabellen viser til gjennomsnittlig skår på en skala fra 1-5. Jo høyere skår desto mer tilfreds er elevene.

Indikator	Videregående trinn 1	Videregående trinn 2	Videregående trinn 3
Trivsel	4,2	4,0	4,0
Støtte fra lærer	4,2	4,2	4,0
Støtte hjemmefra	3,9	3,9	3,5
Vurdering for læring	3,4	3,3	2,9
Læringskultur	4,0	3,9	3,9
Mestring	4,0	3,9	3,8
Motivasjon	3,6	3,4	3,1
Elevdemokrati og medvirkning	3,2	3,3	3,1
Felles regler	4,0	4,1	3,9
Utdanning og yrkesveiledning (videregående)	3,6		
Faglig utfordring	4,2	4,2	4,5

[*] betyr at resultater er skjernet.

[Tall + *] kan regnes som personopplysninger grunnet risiko for indirekte identifisering. Disse skal derfor ikke deles offentlig.

Figur 2 - Hovedresultat elevundersøkinga 23-24

Rektor orienterte om korleis skolen arbeider med resultata innafor området Elevdemokrati og medverknad. Både ansatte og elevråd er involverte i arbeidet med analyse og tiltak.

Skoleutvalet drøfta resultata innafor elevdemokrati.

Oppsummering av diskusjonen og innspel frå skoleutvalet til det vidare arbeidet:

- Det handlar om bevisstgjerling. Kva meinast med medverknad, og korleis kan ein medverke? Må vera eit kontinuerleg tema i klassane.
- Vi må sikre at alle forstår spørsmåla.
- Viktig at kontaktlærarane saman med tillitselevane i etterarbeidet går i djubda på kvifor elevane svarar som dei gjer.
- Ein må setje av tid til å gå igjennom spørsmåla og forklare kvifor undersøkinga er viktig på førehand. Tillitselevane kan med fordel delta i dette arbeidet.
- Ansatte vil dele gode tips med kvarandre om korleis ein arbeider med å involvere elevane/klassane i val av arbeidsmåtar.

Det andre hovudområdet for resultata er mobbing. Skolen har vore bortskjemt med låge mobbetal over fleire år, men i år er tala høgare enn både fylkes- og landsgjennomsnittet. Dette er vi ikkje fornøgde med. Utslaga er tydelege på vg1 yrkesfag og vg2 studiespesialisering, og vi er allereie godt i gang med å kartlegge resultata nærmare. I yrkesfagklassane på vg1 gjennomførast no kartleggingssamtalar med alle elevar, medan tillitselevane og kontaktlærarane på vg2 ST saman med leiar arbeider med korleis forbetre skolemiljøet for klassen.

Når vi har fått betre oversikt vil vi setje inn ytterlegare tiltak og ev. justere rutine våre for eit trygt og godt skolemiljø.

Prosentandel elever som opplever mobbing på skolen

Tabellen viser prosentandelen av elever som opplever mobbing to-tre ganger i måneden eller oftere.

Mobbing på skolen

Spørsmål	Videregående trinn 1 (%)	Videregående trinn 2 (%)	Videregående trinn 3 (%)
Mobbing på skolen	9,2	4,5	*
Er du blitt mobbet av andre elever på skolen de siste månedene?	7,7	*	*
Er du blitt mobbet av voksne på skolen de siste månedene?	*	0,0	*
Er du blitt mobbet digitalt (mobil, iPad, PC) de siste månedene?	*	0,0	*

Elever som har svart at de er mobbet to-tre ganger i måneden eller oftere, regnes med i andelen som har opplevd mobbing på skolen på de tre spørsmålene sett i tabellen. I samlemålet "Mobbing på skolen" inngår elever som har svart at de blir mobbet på ett eller flere av de tre spørsmålene om mobbing. Elever som svarer at de blir mobbet på flere måter, telles bare en gang i samlemålet. I tillegg er elever som svarer at de er mobbet digitalt av personer utenfor skolen trukket fra.

[*] betyr at resultater er skjermnet.

[Tall + *] kan regnes som personopplysninger grunnet risiko for indirekte identifisering. Disse skal derfor ikke deles offentlig.

Les mer om skjermingsregler på <https://www.udir.no/tall-og-forskning/brukerundersokelser/elevundersokelsen/visning-av-resultater-og-skjermingsregler/>

For flere resultater på spørsmål- og klassenivå samt svarprosent, gå til statistikkbanken eller analysebrett på [udir.no](https://www.udir.no).

Figur 3- Prosentandel som opplever mobbing på skolen

Eventuelt:

Høyring nye skolereglar

Skolen har tidlegare hatt dei nye skolereglane oppe til høyring i skolemiljøutvalet og i elevrådet. Vedlagt finn de skolen sitt høyringssvar. Skoleutvalet vart bedne om å kome med kommentarar eller innspel som ev. ikkje allereie er dekt i det innsendte høyringssvaret.

Ansatterepresentant Erik kom med innspel på regelen som regulerer bruk av utstyr - som og omfattar bruk av mobil. Det vart foreslått at ein når det kjem til bruk av mobil snur om på ordlyden; mobil er i utgangspunktet forbode, men kan brukast etter avtale med lærar. Denne ordlyden vil i større grad spegle Udir sine retningslinjer for bruk av mobil i skolen.

Skoleutvalet støtta det allereie innsendte høyringssvaret, og var samde i å sende inn Erik si tilføying i tillegg. Rektor sender inn tilføyinga.

Referent

Hilde Andersen
rektor

Surnadal vgs